

Lars Haugland får dyrka meir**12.06.2014**

Kommunen har gjeve Lars Haugland løyve til å utvida det dyrka arealet sitt. Det gjeld eit område vest for elva på 40 dekar som grensar til tidlegare areal som er dyrka og eit anna på 1 dekar.

Det store området er utmark med mest furuskog og eindel lauv. Det vesle området er delvis dyrka før men det er planen å utvida det.

Hauglands gard har i dag 22 mjølkekryr, 31 ungdyr og 22 sauер.

Dyrkinga vil auke grovforgrunnlaget og gjer brukaren mindre avhengig av leigejord. Det er og ynskjeleg å auka produksjonen.

Det er ikkje trøng for nye vegar då det er vegar til dei aktuelle areala. Arbeidet skal vera avslutta innan 5 år.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen